



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

2,1 millionar kroner til Lokal samfunnsutvikling i Sør-Trøndelag

Sør-Trøndelag fylkeskommune skal kople regionale planar og kommuneplanane sin samfunnsdel betre saman i arbeidet med å skape attraktive lokalsamfunn.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Sør-Trøndelag fylkeskommune skal:

- Sette i verk program for prosessleiing for 30 deltakarar frå kommunar og lokalsamfunn.
- Gjennomføre årleg planseminar med ordførarar, rådmenn og planleggarar som målgruppe.
- Auke ressursane til rettleiing i plan- og prosessoppgåvene i kommunane.
- Gjennomføre ein fylkespilot for styrking av plan – og miljøkompetansen i kommunane.
- Skaffe fram plangrunnlag som statistikk, grunnlagsmateriale og utgreiingar for å få fram potensial og utfordringar kommunane står overfor.
- Drifte nettverk for stadutvikling i kommunane.
- Etablere samarbeid om bustadutvikling mellom kommunar i programma ”Kysten er klar” og ”Blilyst”.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00